



# ÅRSMELDING

AS REGIONTEATRET I MØRE OG ROMSDAL 2018

Teatersjefens årsmelding	<b>6</b>
Resultatrekneskap	<b>18</b>
Balanse	<b>20</b>
Notar	<b>24</b>
Revisors beretning	<b>32</b>
Statistikk	<b>34</b>
Nøkkeltal	<b>35</b>
Økonomisk resultat	<b>35</b>
Repertoar	<b>38</b>
Tilsette	<b>40</b>
Styret	<b>42</b>
Representasjon	<b>42</b>

Framsidedeilete:  
Utgjevar:  
Ansvarleg utgjevar:  
Redaksjon:  
Uiforming:

Vivi Sunde i Hestsonaten. Foto Tingh  
Teatret Vårt, AS Regionteatret i Møre og Romsdal  
Thomas Bjørmager  
Thomas Bjørmager, Knut Lidvard Høgset og Rolf-Inge Pedersen Hjelseth  
Rolf-Inge Pedersen Hjelseth



## LILLY VALENTIN

av **Willy Russell**  
Oversettelse **Morten Krogstad**  
Dialektbearbeidelse **Astrid Overaa**

Regi og visuelt uttrykk **Philipp Stengele**  
Lys **Jonas P A Fuglseth**  
Med **Astrid Overaa**

Premiere 27. januar 2018  
på Teatret Vårt, Arbeideren

Framsyringar: 47  
Publikum: 4 030



## MIO, MIN MIO

av Astrid Lindgren

Dramatisering og regi

**Hilde Brinchmann**

Scenografi **Paul Garbers**

Kostyme- og maskedesign

**Helena Andersson**

Lysdesigner **Jonas P. A. Fuglseth**

Komponist **Eirik Myhr**

Med **Iver Innset, Amalie Sofie Ibsen Jensen, Dagfinn Tutturen** og **Rune Storsæther Løding**

Premiere 20. september 2018  
på Teatret Vårt, Molde.

Samproduksjon med Nordland Teater

Framsyningar: 40  
Publikum: 3 223



tenk om Tante Edla kunne se min far Kongen! Hun tok feil, Tante Edla!  
Men hun hadde rett i at moren min døde da jeg ble født. Og de dumme  
i menneskene på barnehjemmet hadde aldri tenkt på å si fra til min far  
kongen hvor jeg var. Han har lett etter meg i ni lange år.  
Selv om min Far Kongen har masse å gjøre med å styre landet sitt, så  
har han allikevel alltid tid til meg. Han liker å være sammen med meg!  
Hver kveld kommer han inn på rommet mitt, og da leker vi og prater

Selv om min Far Kongen har masse å gjøre med å styre landet sitt, så  
har han allikevel alltid tid til meg. Han liker å være sammen med meg!  
Han likner faren til Benk  
Tante Edla kunne se  
hun hadde rett i  
menneskene på barnehjemmet hadde aldri tenkt på å si fra til min far  
kongen hvor jeg var. Han har lett etter meg i ni lange år.

men stuske, han er en  
han er penere. Å, tenk om  
Tante Edla! Men  
og ble født. Og  
han tok feil, Tante Edla!  
og ble født. Og  
han er penere. Å,

le så  
in er en  
ere. Å,  
Tante I  
de d  
a til r

ble  
ok  
er f  
ere sar  
-ste land  
a til r  
de d  
a til r

## TEATERSJEFENS ÅRSMELDING 2018

For Teatret Vårt var 2018 eit år der viktige mål vart nådd. I arbeidet med å synleggjere Teatret Vårt som eit moderne, modig og dynamisk teater for heile regionen, har vi tatt viktige skritt. Aktivitetsnivået har aldri vore høgare med rekordhøge 540 gjennomførte arrangement i 2018.

Som avslutning på ein lang intern prosess for å synleggjere alle i organisasjonen om vårt DNA eller merkevara «Teatret Vårt» tok vi i bruk ny grafisk profil og ny nettside. Som ein konsekvens av ønsket om å stå fram som ein tydeleg avsendar over heile fylket slutta vi å bruke det gamle namnet «Barneteatret Vårt» for avdelinga vår for scenekunst for barn og unge.

Difor var det desto viktigare at satsinga vår på scenekunst for barn og unge vart styrka og tydeleg med sterke framsyningar, aktivitetar for barn i samband med framsyningane og ikkje minst at arbeidet med å heve og dele kompetansen vår på feltet hald fram. Vi arbeida difor vidare med «Prøveromsordninga» der frie grupper kan teste ut ideane deira i våre prøverom. Kunstnarleg leiar for avdelinga for barn og unge, Cecilie Lundsholt underviste på høgskolen i Volda og på Seanse.

200 000 kr frå Norsk Kulturråd gjorde det mogleg å realisera prosjektet «Nye veier til kunst» med workshops og samlingar med fokus på bransjeutvikling for kunstnarar på Sunnmøre .

På nokre måtar vart også 2018 eit historisk

viktig år for Teatret Vårt. Ikkje berre får Teatret Vårt snart ny teatersjef og ny kunstnarleg leiar av avdelinga for scenekunst for barn og unge. 2018 var også året der nokon av dei med lengst fartstid ved teateret gjekk av med pensjon. Då skodespelar Vivi Sunde og kostymesyar Gerd Austnes gjekk av, vart eit kapittel i Teatret Vårt si historie avslutta for både kunstnarleg og teknisk avdeling.

Publikumstalet på 34 200 er ei betring frå siste året og skuldast ei auke i talet på skuleframsyningar for den kulturelle skulesekken, som ser ut til å halde fram og auke i 2019.<sup>1</sup> Tek vi med publikum som har sett framsyningane våre formidla av samarbeidspartnarar kjem vi opp på 37 325, et tal som ligg noko nærare målet vårt om å nå 40 000 publikum i året.

Publikumsframgangen i Ålesund har vore fenomenal med ei auke på nesten 30 % på de siste to åra.<sup>2</sup> Det har lenge vore eit strategisk og sterkt ønske om å skape framsyningar med tanke på publikum på Sunnmøre. Satsinga på både **Lilly Valentin** og **Maratondansen** sette handling bak ord, og det er ei stor glede at begge prosjekta vart tatt overveldande godt imot av publikum.

<sup>1</sup> Framsyninga «Lars er LOL» er presentert på den nasjonale visningsarenaen «Show Box» og er ønska på turne i Oppland fylke, DKS i Aust-Agder, Møre og Romsdal fylke, Innlandet fylke, og kanskje også i Buskerud.

<sup>2</sup> 2018: 7392 billetter seld i Ålesund. 2017: 5747 billetter. 2016: 5727 billetter.

I tillegg til stor oppbakking frå det vaksne publikummet i Ålesund, har ei rekkje viktige «out reach»- prosjekt knytt opp mot **Maratondansen** skapt eit eigarskap for Teatret Vårt, som vil ha stor verdi for teateret framover.

Den store og langsiktige satsinga vår på scenekunst for barn og unge ga full utteljing med ei rekkje sterke og banebrytande produksjonar og ikkje minst med eit lenge etterlengta samarbeid med Den kulturelle skulesekken. Eit samarbeid som vert styrka og framover vil ha stor positiv innverking på statistikken vår.

At tida var heilt optimal til å bygge opp avdelinga for scenekunst for barn og unge er det ingen tvil om. Vi vart difor svært skuffa då det i første omgangen ikkje kom til første spadestikk på det påtenkte Sørsidebygget i Ålesund sentrum. Vi ventar spent på den vidare politiske handsaminga av saka. Vi er framleis overtydd om at samarbeidskapet med Ålesund vidaregåande og Ålesund kulturskole hadde vore dei perfekte rammene for ei undersøking av møtet mellom kunst og skule som hadde satt både Teatret Vårt og Ålesund på kartet som ein av landets førande aktørar på dette viktige området.

Årets negative resultat er eit resultat av høg aktivitet og høge ambisjonar. Det er snakk om ein ganske alvorleg budsjett-overskriding på kr 865 860. Det er fleire faktorar som spelar inn. Stor bruk av overtid og innleidd arbeidskraft som har vore

nødvendig, her må vi må setje i gang sjølvkritikk. Har aktivitetsnivået vårt vore for høgt?

Samla sett generer våre teaterproduksjonar for vaksne for 2018 eit overskot på 530 000 kroner, noko som er svært positivt. Den viktige satsinga på banebrytande teater for barn og unge av høg kunstnarleg kvalitet har vore viktig og heilt i tråd med strategien vår. Med den ekstraordinære innsatsen er det opna dører for eit sterkt og betra samarbeid med Den kulturelle skulesekken. Noko vi kan nyte godt av i mange år. Men det har vore dyrt. Samla sett generer produksjon av scenekunst for barn og unge eit underskot på kr 708 000.

Teatret Vårt har framleis ein god økonomi. Men underskottet i år betyr ein meir anstrengt likviditet. Noko som betyr at utgiftskontrollen må betrast i åra som kjem.

Også i 2018 har Teatret Vårt fungert som arrangør for Riksteatret, Carte Blanche og DansiT som har besøkt oss på turneane deira.

### **Årets framsyningar:**

For den mannlige delen av ensemblet starta året med gjenopptaking og turne for **Midt i livet II** som spela i Molde i julebordsesongen. No kunne framsyninga vitje ni mindre spelestader spreidd over heile fylket. Turneen starta på Kleive 13. januar.

Årets første premiere var ein lenge

etterlengta hending for mange i heile fylket. På tallause oppfordringar sette vi opp **Lilly Valentin** med Astrid Overaa, som spela rolla første gong på Teatret Vårt for over 15 år sidan. Philipp Stengele sin iscenesetting vart eit nytt grep på ei framsyning som allereie den gongen gjorde sterkt inntrykk. Vi fekk ei framsyning om ei kvinne som no var 15 år eldre, men som framleis venta seg mykje av livet. Akkurat som første gongen framsyninga vart spela, trakk også denne oppsettinga fulle hus. Framsyninga vart årets mest sette, og sette sjølvaste **Snekker Andersen og Julenissen** på ein uvand andre plass. Framsyninga hadde premiere i Ålesund.

Neste premiere i rekka var 1. mars, og var også sett fram imot med sterke følelsar. Etter over 40 år i ensemblet takka Vivi Sunde av som fast tilsett ved Teatret Vårt i den gripande rolla som mora i Ingmar Bergmans **Høstsonaten**. Med stor klarheit i si tolking og imponerande usentimental i si framstilling, vart dette ei avslutning verdig for ein skodespelar som i fire tiår har vore sentralt medverkande til å byggje Teatret Vårt si sterke kunstnarlege profil. Regissør Terje N. Skonseng blottla dei såre mekanismar mellom mor og dotter, og Johanna Mørck spela den frustrerte og søkande dottera. Ut over å spele på PLASSEN i Molde vitja framsyninga ni av fylket sine største kulturhus, og teknisk avdeling briljerte i deira handsaming av ein utfordrande roterande scenografi.

3. mars var det premiere på **Tjalve og**

**Roskva**, årets første barneframsyning. Ei tempoprega framsyning basert på norrøne myter om gudane si kappestrid, i regi av Simone Thiis. Her var det lagt opp til ei spenstig framsyning for heile familien, og heile 29 framsyningar vart gjennomført på våre eigne arenaer i Molde og Ålesund, og på ni av fylket sine store kulturhus. Diverre levde ikkje billettsalet opp til forventningane, og dette resulterte i at framsyninga gjekk med vesentlegare dårleg resultat enn budsjettet.

Berre fire dagar seinare opna vi den årlege teaterfesten for niande gongen med premiere på **Skadeskutt**. Regissør Øystein Johansen tok med seg eit annleis og sterkt fysisk uttrykk og utfordra skodespelarane Hugo Mikal Skår og Lars Melsæter Rydjord. Noko som eigna seg svært godt til å skape abstrakte men lett forstålege bilete på posttraumatisk stress. Vi valde å ikkje sende framsyninga ut på turne, men reiste til folkehøgskulen i Surnadal og til Fagerlia vidaregående i Ålesund og spela der. Framsyninga spela og i Storyville; vår blackbox scene på PLASSEN i Molde.

Teaterfesten i dagane 7.-10. mars var som vanleg ein bukett av ulike scenekunstuttrykk. I tillegg til vår eigen **Skadeskutt** og **Lilly Valentin** hadde vi besøk av Statsteatret med framsyninga **Dansketid**, og Ane Dahl Torp og Sjur Miljeteig frå Det Norske Teater med framsyninga **Solaris korrigert**. Frå Teater Innlandet kom foto og lydinstallasjonen **Solveigs andre sang**. Sara Fellman frå vårt eige ensemble



viste sin butoh-inspirerte **You and me**, og det var slampoesi og jazzkonsert.

I byrjinga av april hadde vi premiere på framsyninga **Barnehagemysteriet - Daisy Detektiv tar saken**. Cecilie Lundsholt regisserte Elisabet Topp i rolla som Daisy, og skapa ei interaktiv framsyning som kunne vitje barnehagane og spelast i barna sine eigne omgivnader. Den ivrige og grundige Daisy engasjerte barna og drog dei med inn i leiken på ein måte som berre kan la seg gjere i ei mindre gruppe. 24 framsyningar vart spela i ulike barnehagar med maksimum 20 barn på kvar framsyning.

I same perioden tok vi opp att framsyninga **Romkadettene** frå 2017, som i april og mai turnerte for Den kulturelle skulesekken og spela for i alt 633 barn.

I juni sette vi på nytt opp framsyningane **Radio Don Quijote** og **Hamlets pappa er et spøkelse** for å kunne dra ned til Heddadagane i Oslo og presentere dei der. Vi gjennomførde to framsyningar av kvar produksjon. **Hamlets pappa er et spøkelse** spela på Trikkestallen og **Radio Don Quijote** på Black box teater. **Hamlets pappa er et spøkelse** vart deretter sendt ut på skuleturne for Den kulturelle skulesekken hausten 2018.

I løpet av våren avslutta vi Creative Europe prosjektet «Platform SHIFT+» etter fire år med inspirerande og lærerikt samarbeid med våre 10 europeiske partnerar. Dette

året resulterte samarbeidet i ei undersøking av binaural lydteknologi som vart brukt i framsyningane **Inn i det ukjente** og **Campingvognsaken**. Begge framsyningane vart spela i ei innkjøpt campingvogn. Vår generalsponsor Sparebanken Møre ga prosjektstøtte utover vår vanlege avtale på 100 000 kroner for å sikre at campingvogna kunne bli vårt og banken sitt innslag på Rabalderfestivalen i Molde i månads-skiftet juni/juli.

Våren var også prega av det store samarbeidet med Pantarei Danseteater og TILT-prosjektet. Det virka som ein god strategi å forsøkje å forankre haustens komande storsatsing **Maratondansen** i lokale friviljuge dansemiljø. TILT-prosjektet som vert finansiert av Sparebankstiftelsen DNB set fokus på ei rekkje ulike prosjekt på akkurat desse miljøa. Vi gjennomførde filmopptak av dansande friviljuge i både Ålesund og Molde, og resultatet var dei to flash-mob filmene **Hele Molde danser** og **Hele Ålesund danser**. Teatersjefen dansa med, og rekrutterte undervegs statistar til **Maratondansen**.

Med dette publikumsutviklingsprosjektet hold vi fram med å styrkje det eigarskapet til Teatret Vårt på Sunnmøre som framsyninga **Lilly Valentin** allereie tidleg på våren hadde bana vegen for.

Etter sommarferien byrja prøvene på både **Mio, min Mio** og **Maratondansen**. Dette var eit bevisst husbytte der **Maratondansen** inntok Arbeideren i Ålesund som

til vanleg er arena for barneframsyningane våre. Same tid spela familiefamsyninga **Mio, min Mio** i Molde. Med dette understreka vi at Teatret Vårt er heile fylket sitt teater, og at vi vil vere ein viktig pådrivar i utviklinga av Ålesund sentrum. Allereie på våren hadde vi presentert **Maratondansen** på konferansen «The North West» som hadde fokus på nettopp sentrumsutvikling i Ålesund.

Astrid Lindgrens **Mio, min Mio** vart omarbeida for scenen og sett i scene av Hilde Brinckmann. Det vart ei familiefamsyning som ein kvar teatersjef berre kan drøyme om å ha på repertoaret. I eit moderne teaterspråk på barnas eigne premisser skapa ho ei gripande og fortetta forteljing som rørde store og små djupt. Med eit enkelt regigrep let hun store og små publikummarar finne kvarandre i ein hjarteleg omfanning når Mio endeleg sigrar over Ridder Kato, og leverer på den måten eit sterkt bevis på scenekunsten sin kraft og rett. Framsyninga var ein samproduksjon med Nordland Teater. Prøvane vart gjennomførde i Molde, og det var våre verkstader som produserte kostymer og storparten av dekorasjonen. Det var premiere i Molde 20. september. Framsyninga vart spela både i Nordland og i Møre og Romsdal, og fekk strålande kritikkar av både presse og publikum. Den blir difor også vårt bidrag til Heddagene i Oslo i 2019.

Også **Maratondansen** vart ein stor bragd for Teatret Vårt. Det var teatersjefen

som omarbeida manuskript og hadde både regi, scenografi og kostymedesign. Framsyninga var eit samarbeid med Høstscena, og hadde premiere på Arbeideren 26. september, åpningsdagen for teaterfestivalen i Ålesund. Mykje var lagt til rette for at denne framsyninga kunne slå an hos eit vaksen publikum på Sunnmøre. Med både Jenny Langlo og Ina Breivik i det 10 mann store ensemblet, og eit 5-manns band med nokre av Sunnmøre sine beste jazzmusikarar under leiing av Ole Jørn Myklebust, var det mange lokale krefter på scena. I tillegg til den store gruppa av lokale statistar. I Ålesund var det 16 frivillige dansarar og i Molde heile 22. Framsyninga vart spela åtte gonger på Arbeideren og åtte gonger på Plassen i Molde. to framsyningar vart det på Festiviteten i Kristiansund.

Musikken til framsyninga presenterte vi i spegelteltet på rådhusplassen i Molde under Jazzfestivalen, og bandet og Sara Fellman og Jenny Langlo opptredde på Terminalen i Ålesund i samband med marknadsføringsarbeidet på **Maratondansen**.

Stolt og letta kunne vi konstatere at billett-salet gjekk over forventning og at gjennomføringa av dette store prosjektet ikkje sprengde budsjettet.

Også her gav vår generalsponsor Sparebanken Møre 100 000 kroner i prosjektstøtte utover den faste sponsoravtalen vår.

Prøvestart på framsyninga **Lars er LOL**

markerte ein viktig milepel for Teatret Vårt. Framsyninga vart utvikla i samarbeid med Den kulturelle skulesekken med planlagt skuleturne rett etter premieren. Ein lenge etterlengta situasjon.

Erfaringane våre frå Creative Europa prosjektet «Platform SHIFT+» viste seg å vere midt i blinken i utviklinga hos det nyoppretta styringsorganet for Den kulturelle skulesekken; Kulturtanken. Ein ønska å støtte produksjonar med fokus på feltet mellom teknologi og teater. Dei valde difor å gå inn med midlar til utviklinga av ein app til framsyninga **Lars er LOL**.

Elisabet Topp regisserte ei omarbeida utgåve av den populære barneboka, og Line Brå Johansen spela alle rollene i monologframsyninga om venskapet Amanda mot si vilje får til Lars som har Downs syndrom. Framsyninga treffe blink hos målgruppene og fekk mykje ros frå skulekontaktane våre.

Tradisjonen tru slutta sesongen med høg aktivitet. Bjørnar Lisether Teigen skreiv og instruerte si tredje framsyning om dansebandet Kommu9kasion. **Midt i livet - går for gull** gav oss eit herleg gjensyn med Thomas, Knut og Halvard, og ikkje minst den pratesjuke manageren deira Olav Hesthagen. Denne gongen hadde gutane utfordra seg sjølve og bedt coachen Margaret om råd og rettleiing for å kunne utvikla seg. Framsyninga hadde premiere

17. november og spela fram til jul. Som tidlegare år var dette populært hos julebordsgjestane våre.

Det store samarbeidet med ISTAD Aktiv og Molde kulturskole om **Snekker Andersen og Julenissen** var like populært som alltid. 60 barn frå Molde kulturskole og det lokale barneteateret Poppeloppeteatret tok del i framsyninga. Igjen hadde vi gleda av å høyre Steinar Raknes spele sin eigen musikk live under framsyningane, og også i 2018 valde ein anonym givar å invitere alle flyktninge- og fosterbarn i Molde kommune på teater. Det var teatersjefen som sette opp denne siste versjonen av den tradisjonsrike juleframsyninga vår.

Som avtroppande teatersjef er det mykje å takke for i året som var. Den høge arbeidsmoralen og den faglege stoltheita vår har prega kvar einaste av årets dagar. Det imponerende høge aktivitetsnivået vårt og breidda i tilbodet vårt vert skapa berre gjennom eit kollektivt krafttak. Eg vil gjerne nytte høvet til å takke alle tilsette ved Teatret Vårt for den store innsatsen.

Thomas Bjørnager  
teatersjef





## MARATONDANSEN

av Horace McCoy  
Dramatisert av Ray Herman  
Oversettelse Grete Kleppen

Instruktør, scenografi-  
og kostymedesign  
**Thomas Bjørnager**  
Musikalsk ansvarlig  
**Ole Jørn Myklebust**  
Lysdesign **Finn Landsperg**  
Koreograf **Erik Kaiel**  
Masker **Cärejänni Enderud**  
Scenografi/kostyme-assistent  
**Laura Lawe**

Med **Sara Fellman, Lars Melsæter  
Rydjord, Per Egil Aske, Jenny  
Langlo, Tyrone Douglas, Johanna  
Mørck, Bjørnar Lisether Teigen,  
Hugo Mikal Skår, Jørn Morstad, Ina  
Breivik, Ola Stenvaagnes**

Musikere **Bjørnar Myhr, Arne Torvik,  
Lars Martin Vik, Håkon Hagen  
Knudsen, Børre Dalhaug, Vegard  
Holum**

Première 26. september 2018  
på Teatret Vårt, Arbeideren kulturhus i  
Ålesund

Framsyningar: 17  
Publikum: 2 313



## HØSTSONATEN

av **Ingmar Bergman**  
etter avtale med Josef Weinberger Limited, London  
på vegne av The Ingmar Bergman foundation  
Oversettelse **Axel Amlie**

Regi **Terje Skonseng Naudeer**  
Scenografi og kostymedesign  
**Thomas Bjørnager**  
Lysdesign **Finn Landsperg**

Med **Vivi Sunde, Johanna Mørck,**  
**Bjørnar Lisether Teigen, Michelle**  
**Heedal**

Premiere 1. mars 2018 på Teatret Vårt

Framsnyngar: 23  
Publikum: 1 619





## SKADESKUTT

manus og regi **Øystein Johansen**  
manus og dramaturgi **Kristian  
Lykkeslet Strømskag**

Lysdesigner **Finn Landsperg**

Med **Lars Melsæter Rydjord** og **Hugo  
Mikal Skår**

Premiere 7. mars 2018 på Teatret Vårt.

Framsyninger: 18  
Publikum: 634





## RESULTATREKNESKAP

	NOTE	2018	2017
<b>DRIFTSINNETEKTER</b>			
Billett- og programsal		2 882 753	1 700 815
Salg Kafé Kurt		3 907 104	3 817 019
Andre inntekter		4 814 970	2 973 081
Driftstilskott		47 506 754	46 650 595
<b>Sum driftsinntekter</b>		<b>59 111 581</b>	<b>55 141 510</b>
<b>DRIFTSKOSTNADER</b>			
Varekjøp Kafé Kurt		1 346 758	1 319 069
Kostnader arbeidskraft	2	32 680 869	30 135 506
Materialkostnader		1 156 983	1 253 841
Sal- og informasjonskostnader		1 542 736	1 690 009
Kostnader lokale		9 658 752	9 374 085
Utstyrskostnader		510 311	240 296
Avskrivningar på varige driftsmidler	3	867 554	880 329
Andre driftskostnader	2	12 408 689	10 771 381
<b>Sum driftskostnader</b>		<b>60 172 651</b>	<b>55 664 515</b>
<b>Driftsresultat</b>		<b>-1 061 070</b>	<b>-523 005</b>
<b>FINANSINNETEKT/-KOSTNAD</b>			
Anna renteinntekt		65 887	66 333
Anna finansinntekt		244 944	26 127
Anna rentekostnad		2 624	795
Anna finanskosnad		112 997	107 680
<b>Resultat av finansielle postar</b>		<b>195 210</b>	<b>-16 016</b>
<b>Ordinært resultat før skattekostnad</b>		<b>-865 860</b>	<b>-539 021</b>
<b>Årsresultat</b>		<b>-865 860</b>	<b>-539 021</b>
<b>Overføringer</b>			
Overført frå anna eigenkapital	4	865 860	539 021
<b>Sum disponert</b>		<b>-865 860</b>	<b>-539 021</b>



## DAISY DETEKTIV TAR SAKEN

av Cecilie Lundsholt i samarbeid  
med ensemblet

Regi Cecilie Lundsholt  
Kostymedesign Thomas Bjørnager

Med Elisabet Topp

Premiere 6. april 2018 på Teatret Vårt

Framsyningar: 24  
Publikum: 457

# BALANSE


	NOTE	2018	2017
<b>EIENDELAR</b>			
<b>ANLEGGSMIDLAR</b>			
<b>Varige driftsmidler</b>			
Driftslausøyre, inventar o.a. utstyr		3 233 455	3 119 867
<b>Sum varige anleggsmidler</b>	3	<b>3 233 455</b>	<b>3 119 867</b>
<b>Finansielle anleggsmidler</b>			
Investeringer i tilknyttede selskap	7	426 000	426 000
Investeringar i aksjar og andelar	7	41 000	41 000
Andre langsiktige fordringar	7	994 869	908 952
<b>Sum finansielle anleggsmidler</b>		<b>1 461 869</b>	<b>1 375 952</b>
<b>Sum anleggsmidler</b>		<b>4 695 324</b>	<b>4 495 819</b>
<b>OMLØPSMIDLAR</b>			
Lager av varer og annen beholdning		199 682	215 413
<b>Sum varar</b>		<b>199 682</b>	<b>215 413</b>
<b>Fordringar</b>			
Kundefordringar	7	4 484 916	636 697
Andre kortsiktige fordringar	8	2 072 895	964 033
<b>Sum fordringar</b>		<b>6 557 810</b>	<b>1 600 730</b>
Bankinnskott, kontantar o.l.	6	4 717 627	10 570 562
<b>Sum bankinnskott, kontantar o.l.</b>		<b>4 717 627</b>	<b>10 570 562</b>
<b>Sum omløpsmidler</b>		<b>11 475 119</b>	<b>12 386 705</b>
<b>SUM EIGENDELAR</b>		<b>16 170 443</b>	<b>16 882 524</b>


# BALANSE


	NOTE	2018	2017
<b>EIGENKAPITAL OG GJELD</b>			
<b>EIGENKAPITAL</b>			
<b>Innskott eigenkapital</b>			
Aksjekapital	4, 5	600 000	600 000
<b>Sum innskott eienkapital</b>		<b>600 000</b>	<b>600 000</b>
<b>Opptjent eigenkapital</b>			
Anna eigenkapital	4	4 471 950	5 337 811
<b>Sum opptjent eigenkapital</b>		<b>4 447 950</b>	<b>5 337 811</b>
<b>Sum eigenkapital</b>		<b>5 071 950</b>	<b>5 937 811</b>
<b>GJELD</b>			
Andre avsetningar for forpliktelser		1 084 280	972 018
<b>Sum avsetningar for forpliktelser</b>		<b>1 084 280</b>	<b>972 018</b>
<b>Kortsiktig gjeld</b>			
Leverandørgjeld	7	780 291	1 056 902
Skuldig offentlege avgiftar		2 547 811	2 462 023
Anna kortsiktig gjeld	8	6 686 112	6 453 769
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>		<b>10 014 213</b>	<b>9 972 695</b>
<b>Sum gjeld</b>		<b>11 098 492</b>	<b>10 944 713</b>
<b>SUM EIGENKAPITAL OG GJELD</b>		<b>16 170 443</b>	<b>16 882 524</b>

Molde 24. april 2018

  
Leon Jarle Aurdal  
styreleiar


  
Einar Hernborg  
nestleiar

  
Oskar Skulstad  
styremedlem

  
Janne Petrine Kvamme  
styremedlem

  
Jonas Poul Aspenberg Fuglseth

  
Marit Ingvild Aas  
styremedlem

  
Heidi Karin Nakken  
styremedlem

  
Thomas Bjørnager  
daglig leder





## LARS ER LOL

Av **Iben Akerlie**

Dramatisert av **Elisabet Topp**

Regi **Elisabet Topp**

Scenografi og kostymedesign

**Camilla Wexels Riser**

Lysdesign **Jonas P A Fuglseth**

Komponist **Bjørnar Myhr**

Lyddesign **Jonas Høgseth**

Medvirkende **Line Brå Johansen**

Première 10. november 2018 på Teatret  
Vårt, Arbeideren kulturhus, Ålesund.

Framsyningar: 29  
Publikum: 1 958

# NOTAR

## NOTE 1 REGNSKAPSPRINSIPPER

Årsrekneskapen er satt opp i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapsskikk for små foretak.

Desse rekneskapsprinsipp er brukt: Inntekter blir resultatført etter kvar einskildt framsyning. Kostnader medtas etter sammenstillingsprinsippet, dvs. at kostnader tas med i same periode som tilhøyrande inntekt resultatføres.

Omløpsmiddel og kortsiktig gjeld omfattar postar som forfell til betaling innan eitt år. Andre postar er klassifiserte som anleggsmiddel/langsiktig gjeld.

Omløpsmiddel er vurderte til lågaste av innkjøpskostnad og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld blir balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet. Anleggsmiddel er vurderte til innkjøpskostnad, men blir nedskrivne til virkelig verdi dersom ein ikkje forventar at verdifallet er forbigåande.

Kundefordringar og andre fordringar er førde i balansen til pålydande. Avsetjing til tap blir gjort på grunnlag av individuelle vurderingar av dei einskilde fordringane. Det er ikkje gjort avsetjing til eventuelle tap pr 31.12.

Varige driftsmiddel blir balanseførde og avskrivne lineært over forventet økonomisk levetid.

Aksjar og andeler i datterselskap og tilknytta selskap er oppført til anskaffelseskost, justert for eventuell varig nedgang i verdi.

Varer vurderes til det laveste av anskaffelseskost og virkelig verdi.

Pensjonsforpliktingar er ikkje balanseført. Kostnaden er lik premien.

Selskapet driv kafe. Denne er skattepliktig, medan den øvrige drifta er friteken for beskatting.

## NOTE 2 LØNSKOSTNADAR

	2018	2017
Løningar	24 828 672	22 035 686
Folketrygdavgift	3 941 811	5 591 540
Pensjonskostnader	3 551 292	3 076 997
Andre lønskostnader	359 094	1 431 283
<b>Sum</b>	<b>32 680 869</b>	<b>30 135 506</b>

Gjennomsnittleg tal på ansatte	42,0	42,0
--------------------------------	------	------



Ytelsar til leiande personar:

	Teatersjef	Styret
Løn	876 696	
Styrehonorar	40 000	242 600
Anna godtgjersle	150 246	

Kostnad til revisor kr. 43 000,- til pliktrevisjon. I tillegg kjem honorar for bistand årsrekneskap med kr 12 325,- og anna bistand kr 14 430,-. Tal er utan mva.

Teatret Vårt har ordinær tariffesta tenestepensjonsordning og AFP gjennom pensjonsordning i Kommunal Landspensjonskasse. Pensjonsforpliktelsen er ikkje balanseført.

### NOTE 3 VARIGE DRIFSMIDLER

	Bilar	Maskiner, inventar	Webside	Totalt
Anskaffelseskost 1.1.	2 018 711	8 789 099	103 138	10 910 948
Tilgang i løpet av året	362 019	457 000	159 185	978 204
Avgang i løpet av året	-81 202			- 81 202
Akkumulerte avskrivninger	-1 637 194	-6 905 463	-31 838	-8 574 495
Bokført verdi 31.12.	662 334	2 340 636	230 485	3 233 455
Årets avskrivninger	167 296	668 421	31 837	867 554
Avskr.tid	10 år	10 år	3 år	
Avskrivningsplan	Lineær	Lineær	Lineær	

### NOTE 4 EIGENKAPITAL

	Aksje- kapital	Annan EK	Sum
Eigenkapital pr. 01.01.	600 000	5 337 811	5 937 811
Årsresultat		- 865 860	-865 860
Eigenkapital pr. 31.12.	600 000	4 471 851	5 071 951

## NOTE 5

### TAL PÅ AKSJAR, AKSJEEIGARAR M.V.

Selskapets aksjekapital på kr 600 000,- består av 300 aksjer à pålydande kr. 2 000,-. Alle aksjar har lik stemmerett.

Selskapets aksjonærar er:	Antall	Eigerandel
Møre og Romsdal fylke	132	44%
Molde kommune	132	44%
Ålesund kommune	24	8%
Noregs Ungdomslag, Møre og Romsdal	12	4%
Sum	300	100%

## NOTE 6

### BUNDNE MIDLAR

Av selskapets bankinnskott utgjør bundne skattetrekksmidler kr 1 207 760,-.

## NOTE 7

### FINANSIELLE ANLEGGMIDLAR

	2018	2017
Stiftelsen Bjørnsonfestivalen	30 000	30 000
Stiftelsen Ålesund Teaterfestival	3 000	3 000
Stiftelsen Schwittersdagene	5 000	5 000
Molde Sentrum AS	3 000	3 000
Molde kulturbygg AS	426 000	426 000
Eigenkapitalinnskott i KLP	745 687	659 884
Sum	1 212 687	1 126 884

### Tilknytt selskap

Selskapet har eigarandel i fylgjande selskap:	Forretnings- kontor	Eigarandel	Selskapets eigenkapital	Selskapets resultat
Molde Kulturbygg AS	Molde	43%	-8 591 639	-872 265

Mellomværande med tilknytt selskap

	2018	2017
Kundefordring	340 955	82 671
Leverandørgjeld	12 362	4 924

## **NOTE 8**

### **PERIODISERINGAR OG KORTSIKTIG GJELD**

Diverse forskottsbetalte kostnader i 2018 som er aktivert og vil bli rekneskapsført på år 2019 er:

Påløpne kostnader på egne framsyningar våren 2019	1 082 279
Periodiserte forsikring og tilskot løn	396 770
Andre periodiserte driftskostnader	295 098

Forskottsbetalte inntekter/påløpne kostnader som er avsatt:

Billettsal for Riksteatret og andre	410 012
Opptente inntekter Teatrets vener	335 893
Sal gavekort	100 570
Gåvefond	162 313
Forskottsbetalt husleigetilskott frå Møre og Romsdal fylkeskommune	2 080 800
Ikkje inntektsført husleigetilskott frå Møre og Romsdal fylkeskommunen tilsvarande 5 månader i 2012	876 633



## TJALVE OG ROSKVA

Av **Simone Thiis**

Regi og manus **Simone Thiis**  
Scenografi, video og kostymedesign  
**Mari Hesjedal**

Komponist og lyddesign **Håkon Iversen**  
Lysdesign **Jonas P A Fuglseth**  
Koreografi **Sigrid Edvardsson**

Medvirkende **Elisabet Topp** og  
**Dagfinn Tütturen**

Forestillinger: 29  
Publikum: 710



## CAMPINVOGN- MYSTERIET

Regi, manus og konsept **Cecilie Lunds-  
holt**

Lyddesign **Ingvar Kristensen**

Skuespillere **Linn Christine  
Wennersten, Johanna Mørck, Lars  
Melsæter Rydjord, Hugo Mikal Skår,  
Grydela Lund**

Forestillinger: 13  
Publikum: 603



## ROMKADETTENE - KLAR FOR LANDING

Av **non zero one**

Regi **Sarah Butcher** og **John Hunter**  
Oversettelse **Ensemblet**  
Scenografi **non zero one**  
Medvirkende **Hedda Sandvig** og  
**Tobias Heiberg**

Barne-teatret Vårt  
Première 13. september 2016

Framsyningar: 21  
Publikum: 633



## INN I DET UKJENTE

Framsyningar: 34  
Publikum: 425

# REVISJONSMELDING



BDO AS  
Næringsveit  
Sensittelskole 15  
6405 Molde

## Uavhengig revisors beretning

Til Generalforsamlingen i AS Regionteatret I Møre og Romsdal

Uttalelse om revisjonen av årsregnskapet

### Konklusjon

Vi har revidert AS Regionteatret I Møre og Romsdal' årsregnskap.

#### Årsregnskapet består av:

- Balanse per 31. desember 2018
- Resultatregnskap for 2018
- Noter til årsregnskapet, herunder et sammendrag av viktige regnskapsprinsipper.

#### Etter vår mening:

Er årsregnskapet avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir et rettviseende bilde av selskaps finansielle stilling per 31. desember 2018 og av dets resultater for regnskapsåret avsluttet per denne datoen i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapskikk i Norge.

### Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder de internasjonale revisjonsstandardene International Standards on Auditing (ISA-ene). Våre oppgaver og plikter i henhold til disse standardene er beskrevet i Revisors oppgaver og plikter ved revisjon av årsregnskapet. Vi er uavhengige av selskapet slik det kreves i lov og forskrift, og har overholdt våre øvrige etiske forpliktelser i samsvar med disse kravene. Etter vår oppfatning er innhentet revisjonsbevis tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

### Styret og daglig leders ansvar for årsregnskapet

Styret og daglig leder (ledelsen) er ansvarlig for å utarbeide årsregnskapet i samsvar med lov og forskrifter, herunder for at det gir et rettviseende bilde i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapskikk i Norge. Ledelsen er også ansvarlig for slik internkontroll som den finner nødvendig for å kunne utarbeide et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil.

Ved utarbeidelsen av årsregnskapet må ledelsen ta standpunkt til selskaps etne til fortsatt drift og opplyse om forhold av betydning for fortsatt drift. Forutsetningen om fortsatt drift skal legges til grunn for årsregnskapet så lenge det ikke er sannsynlig at virksomheten vil bli avvirket.

### Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet

Vårt mål er å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet som helhet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil, og å avgi en revisjonsberetning som inneholder vår konklusjon. Betryggende sikkerhet er en høy grad av sikkerhet, men ingen garanti for at en revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder ISA-ene, alltid vil avdekke vesentlig feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misligheter eller utilsiktede feil. Feilinformasjon blir vurdert som vesentlig dersom den enkeltvis eller samlet med rimelighet kan forventes å påvirke økonomiske beslutninger som brukerne foretar basert på årsregnskapet.

Uavhengig revisors beretning AS Regionteatret I Møre og Romsdal - 2018

side 1 av 2



For videre beskrivelse av revisors oppgaver og plikter vises det til:  
<https://revisorforeningen.no/revisjonsberetninger>

### Uttalelse om øvrige lovmessige krav

#### Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendig i henhold til internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 -Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisjonskontroll av historisk finansiell informasjon-, mener vi at ledelsen har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av selskaps regnskapsopplysninger i samsvar med lov og god bokføringskikk i Norge.

Molde, 24. april 2019

BDO AS

  
Jahn Inge Torseth  
registrert revisor

Uavhengig revisors beretning AS Regionteatret I Møre og Romsdal - 2018

side 2 av 2

BDO AS, et norsk aksjeselskap, er deltaker i BDO International Limited, et angitt selskap med ledetsted i Norge, og er en del av det internasjonale nettverket BDO, som består av uavhengige selskaper i de enkelte land. Forbrukerombudet: NO 995 006 930 0000.



## STØTTA AV



Møre og Romsdal  
fylkeskommune



MOLDE KOMMUNE



ÅLESUND KOMMUNE



## GENERALSPONSOR



SPAREBANKEN MØRE

## HOVUDSPONSORAR



ALEXANDRA, MOLDE  
BY GATE 10/102



Romsdals Budstiftelse

Scandic  
ALEXANDRA, MOLDE

Sommersposten

# STATISTIKK 2018

Eigenproduksjonar	Framsyingar	Publikum
Midt i livet II	13	920
Lilly Valentin	47	4 030
Lunsj og lyrikk	17	439
Tjalve og Roskva	29	710
Høstsonaten	23	1 619
Skadeskutt	18	634
Daisy Detektiv tar saken	24	457
Romkadettene	21	633
Hamlets pappa er et spøkelse	27	2 110
Campingvognmysteriet	13	603
Maratondansen	17	2 313
Midt i livet 3	12	1 294
Snekker Andersen og Julenissen	24	3 856
Quiz	5	210
Inn i det ukjente	34	425
Mellom togene	1	100
Radio don Quijote	2	140
Lars er LOL	29	1 958
Jul på Plassen	1	34
Formidlingsaktivitet	58	2 556
<b>SUM EIGENPRODUKSJONAR</b>	<b>415</b>	<b>25 041</b>

Samproduksjonar	Framsyingar	Publikum
BZZ et insektliv	2	85
Mio, min Mio	40	3 223
VaksenDisco	5	1 760
Mareritt/Sweet Sixteen	2	55
Good luck, Europe	1	220
<b>SUM SAMPRODUKSJONAR</b>	<b>50</b>	<b>5 343</b>

## Gjestespel

Krokodilletyven	2	47
SLAMpoesi	1	110
Folk og røvere i Kardemomme by	2	413
Dermed Bastian	1	28
1537 Dansketid	1	165
Solveigs 2. sang	2	73
You and me	1	25
Solaris korrigerert	1	135
Trollmannen frå Oz	2	357
Prisen	1	202
Stemmen fra oven	1	46
Plutselig	1	28
Soufflette	1	118
Stein i lomma	1	185
Ufroståegli	2	76
Det vi ikke ser	3	51
Julejazz	1	229
På havets bunn	2	103
Jacobsen værsågod	1	212
Mandarinsaft	2	110
Den fantastiske Mikkel Rev	2	114
Alt som er fint	2	35
Make me dance	1	19
Harlekens farfar	5	179
Den magiske juledrikken	2	128
Torill Tombola/Pannekaka	2	121
Georgs magiske medisiner	1	507
<b>SUM GJESTESPEL</b>	<b>54</b>	<b>3 816</b>

**SUM TOTALT** **509** **34 200**

## NØKKELTAL

Publikum	34 200
Framsyingar	509
Billettinntekter	2 882 753
Tilskott for DKS turnéar	726 499
Gj.snitt inntekt pr. billett inkl DKS	105,5
Kulturdepartementet	29 840 004
Kulturdepartementet (anna)	0
Kulturdepartementet (husleige)	2 640 000
Møre og Romsdal fylkeskommune	6 395 000
Møre og Romsdal fylkeskommune (husleige)	2 104 000
Molde kommune	5 334 000
Ålesund kommune	1 061 000
<b>Samla tilskott</b>	<b>47 374 004</b>

## ØKONOMISK RESULTAT

	2018	2017	2016
<u>Inntekter:</u>			
Billettsal	2,9	1,7	1,7
Kafé	3,9	3,8	3,7
Anna	4,8	3,0	3,4
Tilskott	47,5	46,7	45,8
Sum	59,1	55,2	54,6
<u>Kostnader</u>			
Drift	60,1	55,7	54,1
Finansk.	0	0	0
Ekstraord.	0	0	0
Sum	60,1	55,7	54,1
Resultat	-0,9	-0,5	0,5
Eigenkapital pr 31.12			
Sum	5,1	6,0	6,5



## MIDT I LIVET 3 - GÅR FOR GULL

Av **Bjørnar Lisether Teigen**

Regi og manus **Bjørnar Lisether  
Teigen**

Musikalsk konsulent **Jonas Høgseth**

Med **Bjørnar Lisether Teigen, Lars  
Melsæter Rydjord, Hugo Mikal Skår,  
Line Brå Johansen**

Teatret Vårt  
Norgespremiere 17. november 2018

Framsyringer: 12  
Publikum: 1 294



# REPERTOAR 2018



## LILLY VALENTIN

av **Willy Russell**  
Oversettelse **Morten Krogstad** Dialektbearbeidelse  
**Astrid Overaa**

Regi og visuelt uttrykk **Philipp Stengele**  
Lys **Jonas P A Fuglseth**

Medvirkende  
**Astrid Overaa**

Premiere 27. januar 2018



## HØST- SONATEN

av **Ingmar Bergman**  
Oversettelse **Axel Amli**

Regi **Terje Skonseng Naudeer**  
Scenografi og kostymedesign **Thomas Bjørnager**  
Lysdesign **Finn Landsperg**

Medvirkende **Vivi Sunde, Johanna Mørck, Bjørnar Lisether Teigen, Michelle Heedal**

Premiere 22. februar 2018



## TJALVE OG ROSKVA

av **Simone Thiis**  
Basert på norrøne myter

Regi og manus **Simone Thiis** Scenografi, video og kostymedesign **Mari Hesjedal** Komponist og lyddesign **Håkon Iversen** Lysdesign **Jonas P A Fuglseth** Koreografi **Sigrid Edvardsson**

Medvirkende **Elisabet Topp** og **Dagfinn Tutturen**

Urpremiere 3. mars 2018




## SKADESKUTT

Manus og regi **Øystein Johansen**  
Manus og dramaturgi **Kristian Lykkeslet Strømskag**  
Lysdesigner **Finn Landsperg**

Medvirkende  
**Lars Melsæter Rydjord** og  
**Hugo Mikal Skår**

Premiere 7. mars 2018



## DAISY DETEKTIVS DETEKTIVBYRÅ

av **Cecilie Lundsholt** i samarbeid med ensemblet

Regi **Cecilie Lundsholt**  
Kostymedesign **Thomas Bjørnager**

Med **Elisabet Topp**

Premiere 6. april 2018



## INN I DET UKJENTE

Premiere 26. september 2018



## MARATON-DANSEN

av Horace McCoy  
Dramatisert av Ray Herman  
Oversettelse Grete Kleppen

Instruktør, scenografi- og kostymedesign  
**Thomas Bjørnager**  
Musikalsk ansvarlig  
**Ole Jørn Myklebust**  
Lysdesign **Finn Landsperg**  
Koreograf **Erik Kaiel**  
Masker **Cárejánni Enderud**  
Scenografi/kostyme-assistent  
**Laura Løwe**

Med **Sara Fellman, Lars Melsæter Rydjord, Per Egil Aske, Jenny Langlo, Tyrone Douglas, Johanna Mørck, Bjørnar Lisether Teigen, Hugo Mikal Skår, Jørn Morstad, Ina Breivik, Ola Stenvaagnes**

Musikere **Bjørnar Myhr, Arne Torvik, Lars Martin Vik, Håkon Hagen Knudsen, Børre Dalhaug, Vegard Holum**

Premiere 26. september 2018



## MIO, MIN MIO


av Astrid Lindgren

Dramatisering og regi  
**Hilde Brinchmann**  
Scenografi **Paul Garbers**  
Kostyme- og maskedesign  
**Helena Andersson**  
Lysdesigner **Jonas P A Fuglseth**  
Komponist **Eirik Myhr**

Med **Iver Innset, Amalie Sofie Ibsen Jensen, Dagfinn Tutturen** og **Rune Storsæther Løding**

Premiere 20. september 2018

Samproduksjon med Nordland Teater



## LARS ER LOL

av Iben Akerlie  
Dramatisert av  
**Elisabet Topp**

Regi **Elisabet Topp**  
Scenografi og kostymedesign  
**Camilla Wexels Riser**  
Lysdesign **Jonas P A Fuglseth**  
Komponist **Bjørnar Myhr**  
Lyddesign **Jonas Høgseth**

Medvirkende **Line Brå Johansen**

Premiere 10. november 2018



## MIDT I LIVET 3 - GÅR FOR GULL

av Bjørnar Lisether Teigen

Regi **Bjørnar Lisether Teigen**  
Musikk og lyddesign **Jonas Høgseth**

Med **Bjørnar Lisether Teigen, Lars Melsæter Rydjord, Hugo Mikal Skår** og **Line Brå Johansen**

Urpremiere 17. november 2018



## SNEKKER ANDERSEN OG JULENISSEN

av Alf Prøysen

Idé, bearbeidelse, regi og scenografi **Thomas Bjørnager**  
Musikk/ komponist **Steinar Raknes**  
Animatør **Andreas Paleologos**  
Lysdesign **Jonas P A Fuglseth**

Med **Sigmund Njøs Hovind, Hans Henrik Sveum, Johanna Mørch** og elever ved **Molde kulturskole**

Premiere 29. november 2018

# TILSETTE VED TEATRET VÅRT

## Skodespelarar/kunstnarleg tilsette:

Per Egil Aske	skodespelar	(frå 06.08.)
Ina Breivik	skodespelar	(06.08.-31.10.)
Kasper Skovli Botnen	skodespelar	(frå 05.11.)
Børre Dalhaug	musikar	(06.08.-31.10.)
Jonas Delerud	skodespelar	(14.09.-05.10.)
Tyrone Douglas	skodespelar	(06.08.-31.10.)
Sara Fellman	skodespelar	(frå 01.06.)
Terje Hartviksen	skodespelar	(frå 12.11.)
Vegard Holum	musikar	(06.08.-31.10.)
Sigmund Njøs Hovind	skodespelar	(19.11.-20.12.)
Iver Innset	skodespelar	(01.07.-04.11.)
Amalie Sofie Ibsen Jensen	skodespelar	(01.07.-04.11.)
Line Brå Johansen	skodespelar	(frå 10.09.)
Inga Live Kippersund	skodespelar	(frå 05.11.)
Håkon Hagen Knudsen	musikar	(06.08.-31.10.)
Jenny Langlo	skodespelar	(06.08.-31.10.)
Jørn Mørstad	skodespelar	(06.08.-31.10.)
Bjørnar Myhr	musikar	(06.08.-31.10.)
Ole Jørn Mykebust	musikar	(06.08.-31.10.)
Johanna Mørck	skodespelar	
Astrid Overaa	skodespelar	(01.01.-05.10.)
Steinar Raknes	musikar	(27.11-20.12.)
Lars Melsæter Rydjord	skodespelar	
Hedda Sandvig	skodespelar	(frå 19.11.)
Hugo Mikal Skår	skodespelar	
Vivi Sunde	skodespelar	(til 30.06.)
Hans Erik Sveum	skodespelar	(08.11.-20.12.)
Bjørnar Lisether Teigen	skodespelar	
Elisabet Schelderup Topp	skodespelar	(01.01.)
Dagfinn Tøtteren	skodespelar	(01.01.-01.11.)
Lars Martin Vik	musikar	(06.08.-31.10.)

## Kafè Kurt:

Mohamed Zbidi	kjøkkensjef
Freddy Hessvik	restaurantsjef
Ibsa Nejash	ekstrahjelp
Asta Navickiene	ekstrahjelp
Kaja Kristiansen	ekstrahjelp
Seline Olsen	ekstrahjelp
Janita Trondal	køkk



## Teknisk

Georgina Alexander	inspisient	
Gerd G. Austnes	leiar systova	(til 31.12.)
Freya Imogen L. Busby	rekvisitør	
Roy Carlsen	produsent	
Eira Ekle	multitekniker	(frå 01.08.)
Halvard Fiksdal	produsent	
Martine S.Finsås	sufflør	(til 23.03.)
Jonas P A Fuglset	multiteknikar	
Mie Moe Gofjeld	inspisient	(01.08.-30.10.)
Tore Hagseth	snikkar/sceneteknikar	(01.05.-31.05., og frå 01.9.)
Tobias Heiberg	prosjektleder	(frå 01.01.)
Arnstein Hoem	smed/sjåfør	
Ingvar Kristensen	multiteknikar	
Finn Landsperg	lysmeister	
Svein Larsen	teknisk leiar	
Christen Andre Mentzoni	multiteknikar/sjåfør	(05.02.-24.06.)
Elin Nyheim	inspisient	
Aleksandar Panayotov	snikkar/sceneteknikar	
Vilde Ingebrigtsen Pettersen	systova	
Christina Schwanitz	inspisient	(frå 19.11.)
Jørn Øyvind Rørvik Skar	sufflør	(til 01.05.)
Hanna Sønderland	inspisient	(frå 01.10.)
Henrik S. Solberg	teknikarassistent	

## Administrasjon:

Thomas Bjørnager	teatersjef	
Kristian Lykkeslett Strømskag	påtroppende teatersjef	(frå 01.08.)
Mary Farstad	adm.konsulent	
Monica Hagset	økonomikonsulent	
Rolf-Inge Pedersen Hjelseth	informasjonsleiar	
Bente M. Hoflandsdal	løn- og rekneskapsleiar	
Knut Høgset	direktør	
Tiril Høgset	billettseljar	
Mathilde Håseth-Eik	billettseljar	
Karoline Strand Kormeset	billettseljar	(til 01.05.)
Cecilie Grydeland Lundsholt	kunstnerisk leiar barn og unge	
Marianne Myrbostad	formidlingsleiar	
Miriam Øverås Pedersen	billettseljar	(frå 21.8)
Kjersti Solenes	marknadsleiar	
Gunn Talstad	adm. sekretær	
Solveig Mordal Vågen	salsleiar	

## STYRET

### Representant frå Møre og Romsdal

#### fylkeskommune:

Leon Jarle Aurdal	styreleiar
Marit Ingvild Aas	styremedlem
Heidi Nakken	styremedlem
Frøydis Austigard	varamedlem

### Representant frå Molde kommune:

Einar Hernborg	nestleiar
Trude Nistad	varamedlem

### Representant frå Ålesund kommune:

Oskar Skulstad	styremedlem
Knut Anders Oskarson	varamedlem

### Representant frå Noregs Ungdomslag, Møre og Romsdal:

Janne Petrine Kvamme	styremedlem
Reidun Flatøy	varamedlem

### Representant frå dei ansatte:

Bjørnar Lisether Teigen	styremedlem
Jonas PA Fuglseth	1. varamedlem/observatør
Monica Hagset	2. varamedlem/observatør

## REPRESENTASJON

### Stiftelsen Ålesund Teaterfestival:

Cecilie Grydeland Lundsholt

### Molde Kulturbygg AS:

Thomas Bjørnager

### Norsk Teaterlederforum:

Thomas Bjørnager

Knut Lidvard Høgset

### Representantskapet i stiftelsen

#### Molde International Jazz Festival:

Thomas Bjørnager



## SNEKKER ANDERSEN OG JULENISSEN

av Alf Prøysen

Idé, bearbeidelse, regi og scenografi **Thomas Bjørnager**  
Musikk/komponist **Steinar Raknes**  
Animatør **Andreas Paleologos**  
Lysdesign **Jonas P A Fuglseth**

Med **Sigmund Njøs Hovind, Hans Henrik Sveum, Johanna Mørch** og elever ved **Molde kulturskole Teatret Vårt**

Premiere 30. november 2017  
på Teatret Vårt, Molde.

Framsyningar: 24  
Publikum: 3 856

TE  
ATRE  
T VÅRT

AS REGIONTEATRET I MØRE OG ROMSDAL  
Telefon 71 24 02 80 - E-post: [post@teatretvart.no](mailto:post@teatretvart.no) - Internet: [www.teatretvart.no](http://www.teatretvart.no)